



ULSTEIN KOMMUNE

Landbrukskontoret

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Saksnr *Løpenr*
2014/970 11912/2014

Dato
16.12.2014

MELDING OM VEDTAK

HØYRING - FRAMLEGG TIL OPPHEVING AV KONSESJONSLOVA OG BUPLIKTA

De får med dette melding om at det er gjort følgjande vedtak i sak PS 14/148 :

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 11.12.2014:

Ulstein kommunestyre går imot at noverande lovgjeving for konsesjon og buplikt vert oppheva.

Ulstein kommunestyre meiner at lokale styresmakter må få vere med å vurdere og ta stilling når denne type eigedomar skal skifte eigar.

Dersom noverande lovgjeving vert oppheva, fryktar kommunestyret at både små og attraktive eigedomar, og større landområde vert oppkjøpte og vert disponerte på måtar som ikkje samsvarar med prioriteringane hos lokale styresmakter.

Noverande lovgjeving og regelverk fungerer tilfredsstillande, og bør ikkje opphevast utan at nye og forbetra reglar vert vedtekne.

Handsaming:

Redaksjonell endring: *kommunestyret erstattar teknisk utval i 3. avsnitt.*

Framlegg frå Ulstein Høgre:

Ulstein kommunestyre støttar forslaget om å oppheve konsesjonslova og buplikta. Eigedom retten er ein grunnleggjande verdi i samfunnet vårt og vi støttar regjeringa sitt forslag om å styrke den einskilde sin rett til fritt å disponere over sin eigen eigedom i tråd med eigne val og prioriteringar.

Konsesjonslova inneber sterke inngrep overfor den einskilde ved at det offentlege avgjer kven som kan få kjøpe ein eigedom, og til kva pris. Det er også vanleg å sette vilkår til buplikt. Ordninga har vore slik i mange år og vi ser ikkje at samfunnsutviklinga kan forsvare den praksis som gjeld i dag.

Røysting:

Tilrådinga frå teknisk utval vart vedteken med 14 mot Ulstein Høgre sitt framlegg som fekk 11 røyster og fall.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.